



Digitalis purpurea på Kjerlandsido. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Blomeprakten endrar seg nærmast frå veke til veke når det er høgsommar og no har revebjella overteke mykje av merksemda langs vegkantene, ikkje minst på Kjerlandsido. Vi les i faglitteraturen at revebjella tilhøyrer kjempefamilien og er utbreidd over det meste av Europa.

Digitalis purpurea er ein svært spesiell plante også bortsett frå at den er svært vakker med sine pupurraude bjeller. Blomane kan også samanliknast med fingerbøl og difor kallast planten fingerborgsblomma i Sverige!

Det spesielle med revebjelle er at bladane inneheld stoffar som verkar hjartestimulerande. Likevel har bladane ikkje vore særleg mykje i bruk i folkemedisinen, trulig fordi innholdet av aktive substansar varierer mykje og fordi overdosering med dødeleg utgang difor snart kan verta resultatet.

Men reinframstilte innholdstoffar frå revebjelle eller beslektta artar blir nytta til mange typer hjartemedisin. Planten er med andre ord giftig og kan vera dødeleg i store dosar.

Forgiftning med revebjelle er likevel sjeldan fordi planta smakar så bittert at det er vanskeleg å få i seg stor nok dose.

Av Ola Matti Mathisen